

DELÅRSRAPPORT OG REKNESKAP

Q4-2020



Sogn
SPAREBANK



Innhold

Hovudtal konsern.....	3
Styret si melding	4
Delårsrekneskap Q4-2020	10
Eigenkapitaloppstilling.....	12
Kontantstramanalyse.....	13
Notar	14

Hovudtal konsern

i 1.000 kr.

	Delårsrekneskap ¹				Proformarekneskap ²	
	31.12.2020	i % av gj.sn. forv.kap.	31.12.2019	i % av gj.sn. forv.kap.	31.12.2019	i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTATSAMANDRAG						
Netto renteinntekter	106.792	1,52 %	104.932	1,74 %	116.514	1,75 %
Netto andre driftsinntekter	37.382	0,53 %	30.584	0,51 %	33.425	
Netto avkastning finansielle investeringer	20.709	0,29 %	22.256	0,37 %	23.504	
Sum driftsinntekter	164.883	2,35 %	157.772	2,62 %	173.443	
Sum driftskostnader	107.707	1,53 %	102.050	1,70 %	113.699	
Resultat før tap	57.175	0,81 %	55.722	0,92 %	59.744	
Tap på utlån	18.965	0,27 %	24.296	0,40 %	24.251	
Skattekostnad	4.943	0,07 %	2.708	0,05 %	3.841	
Ordinært resultat etter skatt	33.266	0,47 %	28.718	0,47 %	31.652	
Totalresultat	28.352	0,40 %	31.402	0,52 %	34.336	
NØKKELTAL	31.12.2020		31.12.2019		31.12.2019	
Balansetal						
Brutto utlån	5.795.930		5.451.846		5.338.016	
Eika Boligkreditt AS	1.019.575		1.102.935		1.102.935	
Totale utlån med Eika Boligkreditt AS	6.815.505		6.554.781		6.440.951	
Innskot frå kundar	5.374.212		5.104.862		5.104.862	
Innskotsdekning morbank	92,99 %		93,94 %			
Forvaltningskapital	7.139.891		6.681.232		6.681.232	
Lønsemd						
Kostnadsprosent, justert for VP	67,91 %		67,87 %		67,87 %	
Eigenkapitalavkastning	3,56 %		6,11 %		4,47 %	
Soliditet						
Kapitaldekning, morbank	22,53 %		24,24 %			
Kjernekapitaldekning, morbank	22,53 %		24,24 %			
Rein kjernekapitaldekning, morbank	21,42 %		23,02 %			
Rein kjernekapitaldekning konsolidert	19,84 %		22,31 %			
Eigenkapitalandel	13,02 %		13,56 %			
Likviditet (morbank)						
LCR	149		110			
NSFR	140		135			
Eigenkapitalbevis (morbank)						
Avsett utbyte på eigenkapitalbevis førre år, blir utbetalt i år:	0,00		2,00			
Bokført pr EK bevis	197,42		192,33			
Kurs på eigenkapitalbevis	105,00		107,00			
Pris/bokført verdi	0,53		0,56			
Resultat pr. eigenkapitalbevis	6,31		5,78			
Tal kontor	7		7			
Årsverk morbank	45,9		45,8			

¹**Delårsrekneskap:** I 2019 er det tal frå Indre Sogn Sparebank i 1. delår og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. Det betyr at rekneskapstal for Aurland Sparebank og Vik Sparebank ikkje er med i delårsrekneskapen fram til 01.04.2019.

²**Proformarekneskap:** Er tal for Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank til og med 1. delår 2019. Frå 01.04.2019 t.o.m. 31.12.2019 er det tal for Sogn Sparebank.

Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 31.12.2020

Aurland Sparebank, Indre Sogn Sparebank og Vik Sparebank fusjonerte den 1. april 2019 og vart Sogn Sparebank.

Rekneskapen for 4. kvartal 2020 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane IFRS. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering".

Rekneskapen for fjerde kvartal 2020 er ikkje revidert.

Framlagde rekneskapstal og notar er i 2019 tal frå Indre Sogn Sparebank i 1. delår og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. Det betyr at rekneskapstal for Aurland Sparebank og Vik Sparebank ikkje er med i delårsrekneskapen fram til 01.04.2019. Unntak er hovudtal konsern, proformarekneskap og note 11 Proforma informasjon – fusjon, som er tal for Indre Sogn Sparebank, Aurland Sparebank og Vik Sparebank til og med 1. delår 2019 og frå 01.04.2019 er det tal for Sogn Sparebank. For samanlikning, sjå punkt «Hovudtal konsern proformarekneskap» og note 11 som viser proformatal for Sogn Sparebank pr. 31.12.2020 og 31.12.2019.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

Resultat

Sogn Sparebank legg fram eit driftsresultat før tap på 57,2 mill. kroner pr. 31.12.2020. Covid 19-situasjonen og inngått avtalar om sluttpakkar, har stor verknad på resultatet til banken i 2020. Styret forventar at både resultat og utvikling vidare i 2021 vil bli betre.

Rekneskapen til Sogn Sparebank ber preg av fallande rentenetto i ein usikker marknad, og tap på utlån som følgje av covid-19 situasjonen. Banken har difor teke ekstra ordinære tapsavsetningar på 7,2 mill. kroner pr. 31.12.2020. Banken har pr. 31.12.2020 vinst på finansielle instrument.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalavkastning¹ pr. 31.12.2020 på 3,56 %.

Banken rapporterer eit totalresultatet pr. 31.12.2020 på 28,3 mill. kroner.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,5 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital.

Driftsinntekter

Pr. 31.12.2020 var andre ordinære driftsinntekter² 58,0 mill. kroner.

Utbyte og netto vinst/tap finansielle instrument aukar andre ordinære driftsinntekter med 20,7 mill. kroner pr. 31.12.2020.

Driftskostnader

Pr. 31.12.2020 var driftskostnadene 107,7 mill. kroner.

Kostnadsprosenten justert for VP pr. 31.12.2020 er 67,9 %.

Nedskrivningar på utlån og garantiar

Morbanken har pr. 31.12.2020 kostnadsført nedskrivningar på utlån og garantiar med 18,9 mill. kroner. Tapsavsetningane er knytt til ekstra nedskrivning som følgje av krav til bokføring av forventta tap i samband med covid-19 situasjonen. Andre nedskrivningar kan relaterast til kredittengasjement innan bedriftsmarknaden.

Avkastning på eigenkapitalbevisa

Morbanken rapporterer eit driftsresultat pr. 31.12.2020 etter berekna skatt, på 32,3 mill. kroner. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller

¹ Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2019».

² Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2019».

ingen utvatningseffekt på resultatet pr. egenkapitalbevis. I morbank pr. 31.12.2020 er det ei avkastninga på kroner 6,94 pr. egenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 31.12.2020 var kroner 105,00 pr. egenkapitalbevis og pr. 31.12.2019 var kroner 107,00 pr. egenkapitalbevis.

Balanse

Utlån

Pr. 31.12.2020 har morbanken 5.795 mill. kroner i utlån som er ein auke på 344 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 6,3 %. Lån til personmarknaden utgjør 4.826 mill. kroner, og lån til bedriftsmarknaden utgjør 969 mill. kroner.

I tillegg yter banken 1.019 mill. kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS, ein reduksjon på 83 mill. kroner tilsvarande 97,5 % siste 12 månader.

Innskot

Pr. 31.12.2020 har morbanken 5.388 mill. kroner i innskot. som er ein auke på 267 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 5,22 %. Innskot frå personmarknaden utgjør 3.665 mill. kroner, og innskot frå bedriftsmarknaden utgjør 1.723 mill. kroner.

Innskotsdekninga i morbank pr. 31.12.2020 er 93,0 %.

Forvaltningskapital

Pr. 31.12.2020 har morbanken ein forvaltningskapital på 7.136 mill. kroner som er ein auke på 459 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 6,9 %.

Kapitaldekning

Pr. 31.12.2020 var morbank si kapitaldekning 22,5 % mot 24,2 % høve same periode i fjor. Rein kjernekapitaldekning i morbank var 21,4 % pr. 31.12.2020 mot 23,0 % pr.

31.12.2019. Banken si kapitaldekning ligg innanfor alle regulatoriske krav, og resultatet hittil i år er ikkje rekna med i kapitaldekninga.

Pr. 31.12.2020 gir forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS ei konsolidert kapitaldekning på 21,3%. Rein konsolidert kjernekapitaldekning var 19,8 % pr. 31.12.2020.

Dotterselskap og tilknytt selskap

Dotterselskap

Sogn Sparebank Egedomsmeikling AS

Sogn Sparebank Egedomsmeikling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet marknadsfører seg under namnet Aktiv Sogn. Selskapet har pr. 31.12.2020 fire tilsette.

Selskapet omsette for 4,9 mill. kroner pr. 31.12.2020, mot 3,7 mill. kroner pr. 31.12.2019. Overskot før skatt pr. 31.12.2020 er 0,2 mill. kroner mot eit underskot på 0,1 mill. kroner i fjor. Eigenkapitalen er 1,0 mill. kroner pr. 31.12.2020 mot 0,8 mill. kroner pr. 31.12.2019.

ISSB Egedom AS

Sogn Sparebank eig 65 % av ISSB egedom AS som eig lokala Sogn Sparebank leiger i sentrum av Sogndal.

Selskapet omsette for 0,97 mill. kroner pr. 31.12.2020 om lag det same som i fjor. Eigenkapitalen er 4,4 mill. kroner pr. 31.12.2020 mot 3,5 mill. kroner pr. 31.12.2019. Selskapet har ingen tilsette pr. 31.12.2020.

Tilknytt selskap

Sogn Sparebank eig 35 % av Sogn Forsikring AS som sel Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 31.12.2020 ein tilsett.

Selskapet omsette for 1,7 mill. kroner pr. 31.12.2020 mot 2,2 mill. kroner pr. 31.12.2019. Overskot før skatt pr. 31.12.2020 er 0,3 mill. kroner, mot eit overskot på 0,1 mill. kroner pr. 31.12.2019. Eigenkapitalen er 1,0 mill. kroner pr. 31.12.2020 mot 0,7 mill. kroner pr. 31.12.2019.

Framlegg til gåveutdeling og utbytte

Sogn Sparebank har som mål å oppnå økonomiske resultat som gjev ei god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre lokalområda gåver til ålmenn nyttige formål og utbytte til eigenkapitalbevis eigarane.

Finansdepartementet har i brev til Finanstilsynet datert 20. januar 2021 klargjort at norske bankar må halde samla utbytte innanfor maksimalt 30 % av akkumulert årsresultat for åra 2019 og 2020 fram til 30. september 2021. Sogn Sparebank har ikkje delt ut utbytte til EK beviselarane for 2019.

Med bakgrunn i utsende skriv frå Finanstilsynet har styret vurdert banken sin kapitalsituasjon som god, og føreslår fylgjande utdeling for 2020.

Utbytte for 2019 kroner 3,00 pr. EK bevis for 2020 kroner 3,50 pr. EK bevis samla kroner 6,50 totalt kroner 4 111 900,-

Utdeling av gåver frå gåvefondet kroner 2 600 000,-

Samla utdelt kroner 6 711 250,- som utgjer 21% av årets resultat.

I samsvar med krava i finansføretakslova § 10-6 tredje ledd må banken sende melding til Finanstilsynet om styret sitt framlegg til utbytte. Finanstilsynet kan endra utdeling av overskotet, dersom omsyn til banken sin soliditet tilseier det. Styret meiner at føreslege gåveutdeling og utbytte ikkje rokkar ved banken sin soliditet.

Utsiktene framover

Sogn Sparebank er godt kapitalisert og har ein god likviditet ved Q4-2020. Banken har ein sunn finansiell struktur og tilpassa balanse. På grunnlag av målbiletet for Sogn Sparebank, har styret lagt banken sin strategi. Banken vil halde fram med å forenkle og effektivisere drifta, samstundes som me vil jobbe med å auke inntektene.

God styring av risiko vil vere eit prioritert område. Sogn Sparebank legg vekt på at banken skal vere ein relevant aktør i lokalsamfunnet og ein god partner for privatkundar og verksemder ved å vere med å stimulere til aktivitetar og verdiskaping i lokalsamfunnet, vere ein viktig bidragsytar ved å gi gåver og sponsormidlar til allmennyttige føremål.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

Utbreiing av koronaviruset i 2020

Utbreiinga av koronaviruset i 2020 har gitt betydelege konsekvensar for både norsk økonomi og verdsøkonomien. Korona-pandemien er ikkje over, og vi må ta høgde for nye smitteutbrot med tiltak og utfordringar for kundane våre.

Banken har som mål å finne gode løysingar for banken sine kundar i den vanskelege situasjonen fleire av desse allereie er i, eller kan kome i. God rådgiving innan lån, sparing og plassering samt forsikring er viktig.

Årdalstangen den 11. Januar 2021.

Kristine Grønner Ohnstad (s.)

Styreleiar

Anne Tokvam (s.)

Olav Vikøren (s.)

Siv Enerstvedt (s.)

Egon Mogens Moen (s.)

Anne Espeland (s.)

Håkon Seim Lysne (s.)

Marianne Sundal (s.)

Tilsettere representant

Leidulu Finden (s.)

Tilsettere representant

Mads Arufinn Indrehaug (s.)

Adm. banksjef

Delårsrekneskap Q4-2020

Delårsrekneskap Q4-2020 konsern

RESULTAT	Konsern				I 1.000 kr. i % av gj.sn. forv.kap.
	4. kv.20	4. kv.19	31.12.2020	31.12.2019	
Renteinntekter - amortisert kost	34.636	47.780	155.666	160.370	2,22 %
Renteinntekter - verkeleg verdi	-32	586	1.138	2.000	0,02 %
Rentekostnader	8.213	16.601	50.013	57.437	0,71 %
Netto renteinntekter	26.391	31.765	106.792	104.932	1,52 %
Utbyte	1.840	866	14.421	14.853	0,21 %
Provisjonsinntekter m.v.	11.225	8.017	33.567	28.910	0,48 %
Provisjonskostnader m.v.	1.091	1.422	3.813	4.402	0,05 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	2.230	3.763	6.288	7.403	0,09 %
Resultatandel investering i tilknytt selskap	21	0	171	0	0,00 %
Andre driftsinntekter	1.335	2.054	7.458	6.076	0,11 %
Netto andre driftsinntekter	15.560	13.278	58.091	52.840	0,82 %
Løn og personalkostnader	20.619	15.114	54.865	45.106	0,78 %
Avskrivningar på driftsmidler	-207	3.057	5.448	6.979	0,08 %
Andre driftskostnader	13.630	12.781	47.394	49.966	0,68 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	34.042	30.952	107.707	102.050	1,53 %
Tap på utlån	2.905	22.216	18.965	24.296	0,27 %
Driftsresultat før skatt	5.004	-8.126	38.210	31.426	0,54 %
Skattekostnad	-263	-3.288	4.943	2.708	0,07 %
Resultat etter skatt	5.267	-4.838	33.266	28.718	0,47 %
Utvida resultat					
Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat					
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat	3.502	13.375	-4.914	2.684	-0,07 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat					
Utvida resultat etter skatt	3.502	13.375	-4.914	2.684	-0,07 %
Totalresultat	8.769	8.537	28.352	31.402	0,40 %
Resultat etter skatt:					
Majoritetens andel av resultatet i perioden etter skatt			33.072	28.543	
Minoritetens andel av resultatet i perioden etter skatt			194	175	
Totalresultatet:					
Majoritetens andel av totalresultatet i perioden			28.158	31.227	
Minoritetens andel totalresultatet i perioden			194	175	
BALANSE					
Eigendelar			31.12.2020	31.12.2019	31.12.2020
Kontantar og fordringar på sentralbankar			81.571	197.222	1,14 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			505.202	306.870	7,08 %
Utlån til og fordringar på kundar			5.754.927	5.415.718	80,60 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			418.001	335.983	5,85 %
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat			286.958	299.761	4,02 %
Investering i dotterselskap			0	0	0,00 %
Investering i tilknytt selskap			362	191	0,00 %
Goodwill			-113	0	0,00 %
Utsett skattefordel			496	0	0,01 %
Varige driftsmidler			76.850	82.064	1,08 %
Overtekne og andre eigendelar			15.637	43.423	0,22 %
Sum eigendelar			7.139.891	6.681.232	100 %
Gjeld og eigenkapital					
Gjeld til kredittinstitusjonar			270.987	200.717	3,80 %
Innskot frå kundar			5.374.212	5.104.862	75,27 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			500.456	401.019	7,01 %
Anna gjeld			64.525	68.741	0,90 %
Pensjonsforpliktingar			0	0	0,00 %
Ansvarleg lånekapital			0	0	0,00 %
Sum gjeld			6.210.181	5.775.339	86,98 %
Opptent eigenkapital			788.656	769.581	11,05 %
Innskoten eigenkapital			103.764	103.764	1,45 %
Minoritet			4.024	3.830	0,06 %
Udisponert overskot etter skatt			33.266	28.718	0,47 %
Sum eigenkapital			929.711	905.893	13,02 %
Sum gjeld og eigenkapital			7.139.891	6.681.232	100 %
Postar utanom balansen					
Garantiar			65.527	91.886	
Garanti Eika Boligkreditt AS			10.196	11.854	

Delårsrekneskap Q4-2020 morbank

Morbank					I 1.000 kr. i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT	4. kv.20	4. kv.19	31.12.2020	31.12.2019	31.12.2020
Renteinntekter - amortisert kost	34.622	47.773	155.660	160.343	2,22 %
Renteinntekter - verkeleg verdi	-32	586	1.138	2.000	0,02 %
Rentekostnader	8.212	16.599	50.012	57.415	0,71 %
Netto renteinntekter	26.378	31.760	106.787	104.927	1,52 %
Utbyte	1.840	866	14.421	14.853	0,21 %
Provisjonsinntekter m.v.	11.225	8.017	33.567	28.910	0,48 %
Provisjonskostnader m.v.	1.091	1.422	3.813	4.402	0,05 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	2.230	3.763	6.288	7.403	0,09 %
Resultatandel investering i tilknytt selskap	0	0	0	0	0,00 %
Andre driftsinntekter	516	679	2.630	1.992	0,04 %
Netto andre driftsinntekter	14.720	11.903	53.092	48.756	0,76 %
Løn og personalkostnader	19.748	14.618	52.464	43.181	0,75 %
Avskrivningar på driftsmidar	-198	3.048	5.482	7.022	0,08 %
Andre driftskostnader	13.565	12.245	45.989	48.497	0,66 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	33.115	29.911	103.935	98.700	1,48 %
Tap på utlån	2.905	22.216	18.965	24.296	0,27 %
Driftsresultat før skatt	5.078	-8.465	36.978	30.687	0,53 %
Skattekostnad	-242	-3.359	4.710	2.544	0,07 %
Resultat etter skatt	5.320	-5.107	32.268	28.143	0,46 %
Utvida resultat					
Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat					
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat	3.502	13.375	-4.914	2.684	-0,07 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat					
Utvida resultat etter skatt	3.502	13.375	-4.914	2.684	-0,07 %
Totalresultat	8.822	8.270	27.354	30.828	0,39 %
Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis	1,02	-1,36	6,31	5,78	
BALANSE					
Eigendelar			31.12.2020	31.12.2019	31.12.2020
Kontantar og fordringar på sentralbankar			81.571	197.222	1,14 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			505.565	307.463	7,09 %
Utlån til og fordringar på kundar			5.754.927	5.415.718	80,66 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			418.001	335.983	5,86 %
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat			286.958	299.761	4,02 %
Investering i dotterselskap			8.150	8.829	0,11 %
Investering i tilknytt selskap			135	135	0,00 %
Utsett skattefordel			0	0	0,00 %
Variige driftsmidar			65.356	70.233	0,92 %
Overtekne og andre eigendelar			14.250	41.877	0,20 %
Sum eigendelar			7.134.913	6.677.220	100 %
Gjeld og eigenkapital					
Gjeld til kredittinstitusjonar			270.624	200.124	3,79 %
Innskot frå kundar			5.389.377	5.121.488	75,54 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			500.456	401.019	7,01 %
Anna gjeld			49.485	52.437	0,69 %
Pensjonsforpliktingar			0	0	0,00 %
Ansvarleg lånekapital			0	0	0,00 %
Sum gjeld			6.209.942	5.775.068	87,04 %
Opptent eigenkapital			788.938	770.245	11,06 %
Innskoten eigenkapital			103.764	103.764	1,45 %
Udisponert overskot etter skatt			32.268	28.143	0,45 %
Sum eigenkapital			924.971	902.153	12,96 %
Sum gjeld og eigenkapital			7.134.913	6.677.220	100 %
Postar utanom balansen					
Garantiar			65.527	91.886	
Garanti Eika Boligkreditt AS			10.196	11.854	

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 31.12.2020

	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital			Fond for urealiserte gevinster		Sum egenkapital	i 1.000 kr
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Minoritet			
Eigenkapital 01.01.2019	31.625	32.812	40.000	198.452	42.523	23.917	31.139	3.655	404.118	
Resultat etter skatt				22.098	4.027	2.417		175	28.718	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje							2.684		2.684	
Totalresultat 31.12.2019	0	0	0	22.098	4.027	2.417	2.684	175	31.402	
Transaksjonar ved fusjon	-673			468.119		7.040			474.486	
Utbetalt utbyte for 2018					-1.265				-1.265	
Utbetalt frå gåvefond						-500			-500	
Nedskrivning av goodwill				-97	-16				-113	
Fondsobligasjon				-1.919	-315				-2.234	
Eigenkapital 31.12.2019	30.953	32.812	40.000	686.653	44.954	32.874	33.823	3.830	905.894	
Eigenkapital 01.01.2020	30.953	32.812	40.000	686.653	44.954	32.874	33.823	3.830	905.894	
Resultat etter skatt				28.704	4.369			194	33.266	
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat							-4.914		-4.914	
Totalresultat 31.12.2020	0	0	0	28.704	4.369	0	-4.914	194	28.352	
Utbetalt utbyte for 2019					0				0	
Utbetalt frå gåvefond						-2.496			-2.496	
Renter på fondsobligasjon				-1.770	-269				-2.039	
Eigenkapital 31.12.2020	30.953	32.812	40.000	713.587	49.054	30.378	28.909	4.024	929.711	

Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 31.12.2020

	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital			Fond for urealiserte gevinster		Sum egenkapital	i 1.000 kr
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjæmningsfond	Gåvefond	Minoritet			
Eigenkapital 01.01.2019	31.625	32.812	40.000	197.171	41.961	23.917	33.350	0	400.837	
Resultat etter skatt				21.755	3.971	2.417			28.144	
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat							2.684		2.684	
Totalresultat 31.12.2019	0	0	0	21.755	3.971	2.417	2.684	0	30.828	
Transaksjonar ved fusjon	-673			468.119		7.040			474.486	
Utbetalt utbyte for 2018					-1.265				-1.265	
Utbetalt frå gåvefond						-500			-500	
Renter på fondsobligasjon				-1.919	-315				-2.234	
Eigenkapital 31.12.2019	30.953	32.812	40.000	685.126	44.352	32.874	36.035	0	902.152	
Eigenkapital 01.01.2020	30.953	32.812	40.000	685.126	44.352	32.874	36.035	0	902.152	
Resultat etter skatt				28.005	4.263				32.268	
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat							-4.914		-4.914	
Totalresultat 31.12.2020	0	0	0	28.005	4.263	0	-4.914	0	27.354	
Utbetalt utbyte for 2019									0	
Utbetalt frå gåvefond						-2.496			-2.496	
Renter på fondsobligasjon				-1.770	-269				-2.039	
Eigenkapital 31.12.2020	30.953	32.812	40.000	711.362	48.345	30.378	31.120	0	924.971	

Kontantstramanalyse

i 1.000 kr

Morbank			Konsern	
31.12.2019	31.12.2020		31.12.2020	31.12.2019
		Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
-198.979	-360.575	Netto utbetaling av utlån til kundar	-360.575	-198.979
171.090	153.395	Renteinnbetalingar på utlån til kundar	153.395	171.090
-1.382	0	Overtekne eigendelar	0	-1.382
200.650	268.546	Netto innbetaling/-utbetaling av innskot frå kundar	268.546	200.650
-46.822	-39.164	Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-39.152	-46.822
-9.933	-20.646	Endring fordringar og gjeld på kredittinstitusjonar	-21.256	-9.933
813	-1.753	Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	-1.746	813
4.580	13.163	Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	13.163	4.580
2.100	1.338	Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	1.338	2.100
26.629	29.753	Netto provisjonsinnbetalingar	29.753	26.629
-121.309	-231.432	Utbetaling ved kjøp av kortsiktige investeringar i aksjar	-231.432	-122.942
144.852	156.571	Innbetaling frå sal av kortsiktige investeringar i aksjar	156.571	144.852
-116.430	-85.501	Utbetalingar til drift	-84.464	-116.078
-2.764	-1.750	Betalt skatt	-1.966	-2.764
-500	-2.496	Utbetalte gåver av overskot	-2.496	-500
52.595	-120.548	A Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	-120.318	51.314
		Kontantstraumar frå investeringar		
-988	-1.182	Investering i varige driftsmidlar	-1.182	-988
0	576	Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar	576	0
-10.136	0	Langsiktige investeringar i aksjar	0	-10.136
6.890	8.722	Innbetaling frå sal langsiktige investeringar i aksjar	8.722	6.890
209.492	0	Innbetaling av kontantar og fordringar på bankar ved fusjon	0	209.492
14.853	14.420	Utbyte frå langsiktige investeringar i aksjar	14.420	14.853
-400	0	Netto utbetaling ved investering i dotterselskap	0	0
219.711	22.536	B Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitet	22.536	220.111
		Kontantstraumar frå finansiering		
200.000	199.785	Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	199.785	200.000
-200.000	-100.254	Tilbakebetaling - utsteding av verdipapir	-100.254	-200.000
-9.500	-7.030	Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-7.030	-9.500
0	190.000	Opptak av lån til kredittinstitusjonar	190.000	0
-30.000	-100.000	Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	-100.000	-30.000
-2.234	-2.039	Utbytte fondsobligasjon	-2.039	-2.234
-50.000	0	Tilbakebetaling av ansvarleg lånekapital	0	-50.000
-1.173	0	Renteutbetalingar på ansvarleg lånekapital	0	-1.173
-1.265	0	Utbyte til eigenkapitalbeveigarane	0	-1.265
-94.172	180.462	C Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitet	180.462	-94.172
178.134	82.451	A + B + C Netto endring likvidar i perioden	82.681	177.253
326.551	504.685	Likviditetsbeholdning ved starten av perioden	504.092	326.839
504.685	587.136	Likviditetsbeholdning ved slutten av perioden	586.773	504.092
		Likviditetsbeholdning spesifisert:		
197.222	81.571	Kontantar og fordringar på Noregs Bank	81.571	197.222
307.463	505.565	Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	505.202	306.870
504.685	587.136	Likviditetsbeholdning	586.773	504.092

Kontantstramanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

Notar

1 Generell informasjon

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01.2020 til 31.12.2020. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Sogn Sparebank innreknar dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS i konsernrekneskapet.

Rekneskapen for fjerde kvartal 2020 vart vedteke av styret 11. februar 2021.

2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen til konsernet Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Banken nyttar dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapen til Sogn Sparebank for 2019, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Kritiske estimat og vurderingar vedkomande bruk av rekneskapsprinsipp

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert vurdert som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt usikkerheit til føresetnadane og forventningane som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er brukte.

Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetje verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane.

Vurderingar av nedskrivningar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevise vurderingar i samband med nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering og taps-erfaring for dei respektive kundegruppene. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i rapporten årsmelding og rekneskap for 2019 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, og omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2. Betalingslette gitt som konsekvens av covid-19 situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearcemarkering eller overgang til steg 2.

Både betydeleg uvisse knytt til estimata, og det at situasjonen med covid-19 epidemien oppstod nær kvartalsavslutninga, fører til at det er nødvendig å nytte vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivningar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen banken finn seg i, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivningar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innanfor banken sine engasjement. Nedskrivningane for engasjement innanfor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivningane per bransje. Nedskrivningar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er auka med 1,9 mill. kroner samanlikna med utgangen av førre kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 6.1 og 6.4.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, inkl. spesifikke tiltak innført i samband med covid-19 situasjonen til dømes for permitterte, fører òg til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap òg i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivningar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivningar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,5 mill. kroner samanlikna med utgangen av førre kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 6.1 og 6.4.

Verkeleg verdi over finansielle instrument

Det er større usikkerheit enn elles i verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3, sjå note 8.

Noteinformasjon om nye risikoklassifiseringsmodellar (PD-modellar)

Banken har i første kvartal 2020 implementert nye risikoklassifiseringsmodellar (PD-modellar).

Dei nye PD-modellane rettar opp i enkelte identifiserte svakheiter i tidlegare modellar. Døme på dette er:

- Enkelte variablar med svært høg forklaringskraft
- Relativt få variablar
- Variablar som kan føra til stor volatilitet i sannsynlegheit for misleghald ved endringar

Dette er adressert gjennom:

- Betre datakvalitet
- Fleire variablar
- Meir konsentrasjon i poenga tilgjengeleg for kvar variabel

Endringane gjer modellane meir stabile, og dei evnar i større grad enn tidlegare modellar å identifisere reell risiko på kundane.

Tidlegare modellar nyttar ein vesentleg sikkerheitsmargin på forventa sannsynlegheit av misleghald. Dette medfører ein overestimering av risiko som er høgare enn ein ynskjer. Dette vert korrigert i dei nye modellane.

Dei nye modellane er betre til å identifisere både gode og dårlege kundar. Dette fører til ei forskyving av kundar til lågare PD-nivå. Samstundes er modellen òg betre til å identifisere svake kundar, noko som medfører at kundar med høg risiko jamt over får høgare sannsynlegheit for misleghald samanlikna med kva dei fekk i dei tidlegare modellane.

Effekten på banken sine nedskrivningar for forventa tap er at ein større del kundar hamnar i steg 1. Isolert sett fører dette til lågare nedskrivningar. I nokon grad vert dette likevel kompensert ved høgare sannsynlegheit for misleghald for kundar som

er i steg 2, og dermed høgare nedskrivning. Samla effekt er ein moderat reduksjon i nedskrivingsbeløp som følgje av nye PD-modellar.

3 Konsern og tilknytt selskap

3.1. Konsern - Goodwill

Goodwill vert vurdert for nedskrivning ved kvart rapporteringstidspunkt.

Goodwill er nedskrive til null frå kroner 113.000 i 2019. Goodwill refererte seg til overtakinga av Sogn Sparebank Egedomsmekling AS (IndereSogn Sparebank Egedomsmekling AS), den 01.05.2013.

4 Transaksjonar med nærstående partar

4.1. Sogn Sparebank Egedomsmekling AS

Sogn Sparebank Egedomsmekling AS er eit 100 % eigd dotterselskap, og er eit reint egedomsmeklingsføretak.

Husleige frå Sogn Sparebank Egedomsmekling AS

